



Amanda Berakvam, Silje Sigstad, Tale Landsnes Johnsen, Sigurd Hamra, Håvard Hagen. Framme: Olivia Nessa og Vilje Love Johnsen Barka, framfører Løvesangen til dei framfotte før den høgtidelege opninga og klipping av snor.

Livleg løvefest

Jelsa barnehage er den første offisielle løvebarnehagen i Suldal.

Nora Bogetvedt Jenssen

Det blei feira med stor løvefest for store og små. Også skulen fekk vera med på litt av programmet for dagen.

Variert program

Alle hadde pynta seg med fine klede og

flotte, fargerike, sjølv laga løvehattar. Løvesongen rungar i lokalet, *Kan du Løveloven? Jeg skal være meg, men gi plass til andre, slik at de blir seg.*

– Me skal vera snille med kvarandre, opplyser ein liten gut som veit kva det heile dreier seg om.

Pedagogisk og nyttig

Styrar, eller kan henda løvenes konge, Karin Søndena Ness, forklarar at dei har hatt stor nytte av det pedagogiske programmet, *Være sammen*. Dei etiske

retningslinjene har nå fått godt fotfeste og dei er klare til å bli ein offisiell løvebarnehage.

Etter å ha dansa seg varme og svinga litt på ballkjolane, blir småskulen inviterte inn til endå meir løvesong. Dei vaksne har rollespel om korleis inkludera alle i leiken, til latter frå dei små, før snora blir klipt i to, og Jelsa blir erklært første løvebarnehage i kommunen.

Løvelov

Før festen kan fortsetja, skal løvelova høgtideleg underteiknast med fingeravtrykk frå alle barna.

Så blir det liv i leiren. To kokkar frå Kulp med endå større hattar enn løvehattane, kjem bærande på festmaten. Løve-tapas.

Barna benkar seg rundt festborda, ei fargerik løve sit på kjøleskapet og ser at alt går greitt føre seg, og etter bordverset, er det klart for små svoltne løver å gjera innhogg i godsakene.

Alle barna i løvebarnehagen på Jelsa på eitt breitt; Håvard Hagen, Jakob Nessa, Sigurd Hamra, Liva Landsnes, Lillie Love Johnsen Barka, Silje Sigstad, Amanda Berakvam, Malin Hagen, Tale Landsnes Johnsen, Lise Øxtra, Olivia Nessa, Karin Søndena Ness, Bernard Bennik Landsnes Johnsen, Kristoffer Fugleberg Solheim og Hanne Bore Josdal.



Løveloven

*Kan du Løveloven?
Jeg skal være meg,
men gi plass til
andre, slik at de blir seg,
bry meg om en annen,
hjelpe når jeg kan.
Slik blir livet bedre for
barn i alle land!*

*Ser du en som plages?
Det er ikke bra!
Alle må stå sammen
om å si ifra!
Alle barn på jorden
har den samme rett til
å være trygge og til å
være sett.*

